



Statens vegvesen

Voss kommune
Postboks 145
5701 VOSS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Hilde Gunn Stenseth / 56520207

Vår referanse:
18/54134-2

Dykkar referanse:
18/00075-4

Vår dato:
02.05.2018

Statens vegvesen sine merknader til varsel om oppstart av planarbeid og høyring for offentlig områderegeringsplan for Vossevangen – planid 2018001

Viser til oversending dagsett 19.03.2018.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

I samband med varsla oppstart av områderegeringsplan for Vossevangen ynskjer Statens vegvesen å peika på nokre tema/punkt me meiner er viktige i det vidare planarbeidet.

- E16 er lagt i tunnel utanom sentrum. Statens vegvesen meiner Voss kommune i sitt planarbeid må ha fokus på tilrettelegging og trygging av mjuke trafikantar.
- Det er tidlegare utarbeidd utkast til hovudplan for sykkel. Me meiner denne bør leggest til grunn ved planarbeidet som no vert starta opp.
- Tiltak i Voss sentrum, finansiert av «Vossapakko», byggjer på vedtak om «deling» av vegen og fartssone 30 km/t. Deling peiker her mot at det ikkje er spesiell tilrettelegging for syklande.
- Situasjonsplanen til områderegeringsplan for Voss knutepunkt viser også ein tydeleg intensjon og ynskje om å leggja til rette for mjuke trafikantar.
- Etter Statens vegvesen sitt syn er det viktig å tenkja identiske/tilsvarande strategiske val gjennom heile sentrum.
- Statens vegvesen opplever spørsmål om arbeid med trafikktryggleik, særleg opp mot skulane. Det er etter vårt syn viktig å ha fokus på trafikktryggleik og trafikktrygge område i/ved sidegater til E16 og Rv. 13. Døme på slike område er Lekvemoen, Hestavangen, bak Coop og Aasbygget, Bonangergata m.fl. I tillegg vert fleire kryssområde trekt fram som nødvendige utbetringingsområde, t.d. kryss ved Park

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

hotell/kyrkja/torget og kryss mellom Rv. 13 og Fv. 310 og 311 mot Gjernes.
Tryggleik generelt og trafikktryggleik spesielt må med som tema i alle
risikovurderingar og –analyser.

- Overordna syn for tilrettelegging av tiltak for nødvendig kollektivtransport.
- Støy er eit viktig tema når det gjeld gode område for bustad og opphald.

I planprogrammet ser me det er lagt opp til ein brei prosess for samhandling og medverknad
og at dei fleste tema Statens vegvesen er opptekne av er med.

Statens vegvesen set pris på å verta involvert i planarbeidet så tidleg som mogleg. Me bidrar
gjærne med innspel i samband med spørsmål som vedkjem våre fagområde.

Plan & Forvaltning
Voss og Hardanger

Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Hilde Gunn Stenseth
Senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN